



Vassendgutane samla fullt hus att på Dønhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ikkje uventa vart det fullt hus også då Vassendgutane i går kveld kom til Dønhaug for fjerde gongen.**

**Det vart ein stor festkveld, med myldrande liv og høg stemning både inne og ute. Magne Huglen køyrde varmeanlegg, men det var leveleg også utan!**



Allsangfaktoren framfor scena er høg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje til å undrast over at Vassendgutane gjennom dei siste 12 åra har utvikla seg frå å vera eit lokalt festband til å bli landets kanskje mest etterspurde liveband. Dei 7 karane frå Åmdalen i Ørsta gjer tilhøyrarane glade med sin "fest-country".

Dei har laga ein uhøytideleg og humoristisk vri på countrymusikken sin, og den har eit originalt preg utan å vera generande påverka av andre låtskrivarar. Tekstene er så å seie dagsaktuelle og henta frå bygdelivet vårt.

Debutalbumet kom i 2000 og i 2008 kom album nummer 4. Dette gikk heilt til topps på VG-lista og selde til dobbel platina – det vil seie meir enn 80.000 eksemplar.

Og den som stod tett på scena på Dønhaug i går kveld kunne høyra at allsangfaktoren er høg. Publikum kan i stor grad låtane til Vassendgutane, anten det er Odelsguten, Ungkar med dobbeltseng, Silikon i tatti, Hytta mi eller Siste dansen.

Eit anna pluss er ein god lys- og lydproduksjon.

Av Ola Matti Mathisen



Magne Huglen hadde eit godt varmeanlegg som han her ordnar med. (Foto: Ola Matti Mathisen)